

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

Deres referanse:

22/6607-3

Dato: **19.08.2022**

Saksnr.: **2022/42082**

Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 52 bnr 15 - dispensasjon - nybygg
fritidsbustad - Austre Karmøyveg 755 - søknad til uttale**

Fylkesdirektøren viser til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av fritidsbustad på gnr 52 bnr 15 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Det har tidlegare blitt gjeve rammetillating for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny, på den aktuelle eigedommen. I ny søknad er fritidsbustaden blitt plassert ca. 75 meter sør for det eksisterande bygget og den tidlegare omsøkte plasseringa. Det vil då også komme nærare eit automatisk freda kulturminne, gravhaug med ID 44425. Vi vil difor frårå omsøkt plassering og meiner ein bør plassere bygget i tilknytning til eksisterande bustad/tun og adkomst.

Vi minner om at vi som uttaleinstans skal ha kommunen sitt vedtak tilsendt, når det er fatta.

Helsing
Lars Riese
fagleiar

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.